



VANG KOMMUNE

Helse- og omsorgsetat

Vår ref.:
RAHGUR - 17/2949

Arkiv:
H01, &60

FORSKRIFT OM KRITERIER FOR TILDELING AV LANGTIDSOPPHALD I SJUKEHEIM OG VENTELISTER VANG KOMMUNE

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å få oversikt over behovet for langtidsopphald. Medverke til openheit rundt kriteria for tildeling, og ein føreseieleg tildelingsprosess for langtidsopphald i sjukeheim i Vang kommune.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld:

- Pasient/brukar som har rett til langtidsopphald i sjukeheim i Vang kommune, etter pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1e.
- Vang kommune sitt ansvar for å tilby langtidsopphald i sjukeheim etter helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 a., kriterier for tildeling av opphald i sjukeheim og oppfølging av pasient/brukar på venteliste for langtidsopphald.

§ 3. Definisjonar

Langtidsopphald sjukeheim:

Opphald utan sluttdato, der helsetilstanden og pasient/brukar sitt behov for helse- og omsorgstenester, gjer at det ikkje er sannsynleg at vedkomande vil flytte heim eller få tilbod om lågare grad av helse- og omsorgstenester.

Venteliste langtidsopphald sjukeheim:

Kommunen si oversikt over dei pasientar/brukarar som etter søknad, har fått vedtak om at dei er kvalifisert til langtidsopphald sjukeheim, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald.

Ventelista er ikkje eit køsystem, og plass på venteliste gjev ikkje fortrinnsrett til ledig plass på sjukeheim, jf. § 7.

§ 4. Generelt om tildeling langtidsopphald sjukeheim

Langtidsopphald i institusjon er eit varig butilbod for personar med heildøgns pleie- og omsorgsbehov.

Langtidsopphald i sjukeheim skal fortrinnsvis vera eit tilbod til eldre.

Kommunen skal samhandle med pasient/brukar, deira pårørande og vjerje i tildelingsprosessen.

Føljande forhold skal vera utgreia om pasient/brukar, før ein søknad om langtidsopphald kan vurderast:

- Pleie- og omsorgsbehovet
- Søkjars eige ynskje om langtidsopphald
- Svikt i eigenomsorg grunna av demenssjukdom
- Andre relevante tiltak:
 - Tilrettelegging i heimen, t.d. hjelpemidlar
 - Kvardagsrehabilitering
 - Tryggleiksskape\ande tiltak, tryggleiksalarm og velferdsteknologi
 - Dagtilbod eller andre sosiale støttetiltak
 - Auka omfang av heimetenestar
 - Omsorgsbustad
 - Tidsavgrensa opphald i institusjon: Korttids-, avlastings- eller rullerande avlastingsopphald
- Familietilhøve og nettverk
- Oppdatert pasient- og brukarinformasjon frå helse- og omsorgstenesta i kommunen som yter tenester til søkjar
- Oppdaterte helseopplysningar frå fastlege og spesialisthelseteneste

§ 5. Formål, målgruppe og kriterier for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim.

5.1 Formål:

- Ivareta dei grunnleggjande behova til pasienten, med respekt for den einskilde sitt eigenverd og livsførsel
- Gje eit samorda helse- og omsorgstilbod der den einskilde føler trygghet, og som ivaretek medverking, livskvalitet og rettstryggleik
- Bidra til ein aktiv og meningsfylt kvardag for brukaren.

5.2 Målgruppe:

- Personar som er varig ute av stand til å ta vare på seg sjølv, og som ikkje lenger meistrar daglege gjeremål på grunn av mentalt eller fysisk funksjonstap.
- Personar som ikkje på eit forsvarleg nivå får dekka sitt daglege behov for helsehjelp, pleie og omsorg i eigen heim.

5.3 Kriterier/ vurdering:

- Langtidsopphald i institusjon skal fortrinnsvis vera eit tilbod til eldre. For yngre personar skal det søkjast å etablere eit alternativt tilbod i eigen heim (eksempelvis omsorgsbustad, bufellesskap eller liknande).
- Andre relevante tiltak som t.d. tidsavgrensa opphald i institusjon, dagtilbod, utvida heimetenester og betre tilrettelegging i heimen skal på førehand vera utprøvd og/eller vurdert (LEON)
- Mistanke om svikt i eigenomsorg grunna kognitiv svikt, skal vera utgreia før ein tilbyr langtidsopphald i sjukeheim. Personar med demensdiagnose skal fortrinnsvis få tilbod om skjerma/tilrettelagt sjukeheimplass.

- Det skal innhentast opplysningar frå brukar og pårørende/verje etter samtykke.
- Det må ligge føre ei dokumentert vurdering inkludert oppdatert IPLOS registrering, frå dei aktuelle tenester dersom søkjar mottek andre helse- og omsorgstenester.
- Medisinske opplysningar frå fastlege eller frå spesialisthelsetenesta skal innhentast.

§ 6. Rett til vedtak

Pasient/brukar som er kvalifisert for langtidsopphald, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald, har rett på vedtak.

Vedtaket inneber at vedkomande er kvalifisert for langtidsopphald sjukeheim og skal stå på venteliste for langtidsopphald, jf. § 7.

Pasient / brukar har rett til å klage på vedtak om avslag på langtidsopphald og plass på venteliste for langtidsopphald, jf. pasient- og brukerrettighetsloven § 2-7 andre ledd og § 7-2.

§ 7. Ventelister langtidsopphald sjukeheim

Pasient/brukar som har fått vedtak om at dei er kvalifisert for langtidsopphald, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av langtidsopphald, skal førast på kommunen si venteliste for langtidsopphald.

Ved kvar tildeling av langtidsopphald på sjukeheim, skal kommunen vurdere det individuelle behovet til nye søkjarar og alle som står på kommunen si venteliste for langtidsopphald.

Kommunen si venteliste for langtidsopphald gjev ingen fortrinnsrett til langtidsopphald i sjukeheim. Seinare plasserte pasientar og brukarar vil kunne få plass fyrst, dersom deira behov vert vurdert som større.

§ 8. Oppfølging av ventelister langtidsopphald

Pasient/ brukar som står på kommunen si venteliste for langtidsopphald, skal kontinuerleg vurderast ut frå behovet for å tildelast plass ved sjukeheim.

Rutinane til kommunen skal syte for at pasient/brukar på venteliste har naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester medan dei ventar på tildeling av plass i sjukeheim.

Kommunen skal ha systematisk og fortløpande evaluering og vurdering av helsetilstand og funksjonsnivå til pasient/brukar på venteliste for å fange opp eventuelle endringar i bistandsbehov.

§ 9. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2017.

